

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020-2024



foto: May Bente Fuglestad

Trygg og framtidsetta
time.kommune.no



Time kommune

Innhald

Innleiing	4
Målgruppa	5
Avgrensingar	5
Del 1: Definisjonar og risikofaktorar	6
Vald i nære relasjonar	6
Ulike typar vald	6
Fysisk vald	6
Psykisk vald	6
Seksuell vald	6
Latent vald	6
Materiell vald	7
Usunn kontroll	7
Digital vald	7
Omsorgssvikt og forsømmelse	8
Teikn på vald:	8
Generelle teikn:	8
Psykosomatiske teikn:	8
Psykiske teikn	8
Fysiske teikn	10
Risikofaktorar:	10
Individuelle risikofaktorar	10
Organisatoriske faktorar	11
Del 2: Barn og unge	14
Verknadar av vald	15
Omfang av vald	16
Nasjonal statistikk	16
Tall i Time kommune	17
Tiltak	18
Førebygga at barn og unge vert utsette for vald	18
Oppdaga, avverga og melda frå når barn vert utsette for vald	18
Ivareta og følga opp barn og familiar utsette for vald	18
Barnesamtalen	19

Når eit barn fortel spontant om vald og overgrep	19
Etter samtalen	20
Bekymra for at barn opplever vald/har auka risiko for vald?	21
Når er det ein akutt-/hastesituasjon?	21
Når barn fortel om vald i nære relasjonar	21
Når foreldre fortel om vald i familien	22
Når foreldre fortel av dei sjølv har vore utsette for vald	22
Del 3: Vaksne personar over 18 år	23
Teikn på vald hos eldre:	24
Teikn på vald hos personar med psykisk utviklingshemming:	24
Åtferdsmessige teikn på at ein person med psykisk utviklingshemming er utsett for vald kan vera:	24
Teikn på økonomisk vald	25
Helsepersonell og teieplikta	25
Opplysningsplikt	25
Meldeplikt	25
Avvergeplikt	25
Opplysningsrett og teierett	26
Tiltak	26
Konkrete tiltak/handlingsplan:	26
Førebyggande tiltak:	26
Oppdaga, avverga og melda frå når innbyggjarane blir utsatt for vald:	28
Del 4 Kva gjer eg ved bekymringar	29
Nettstadar og hjelpetelefonar	29
Lokale tenester og ressursar	30
Planar og litteratur	30
Ansvar for oppfølging	30

Innleiing

Vald i nære relasjonar er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem, både ut frå et kriminalitets-, helse-, likestillings- og oppvekstperspektiv. Vald skaper utryggleik, kan føra til helseskader, tap av velferd og avgrensar kvar enkelt si livsutfolding. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar som er i strid med grunnleggande menneskerettar og norsk lov.

Vald kan vera enkelthendingar eller langvarig mishandling. Vald kan vera eit resultat av manglande strategiar og eit negativt mønster over tid. Det er avgjerande at valden stopper, og at den utsette og familien får den hjelpa dei treng.

Vald i nære relasjonar skjer oftast i det skjulte, den er gjentakande og personane som dette gjeld har betydning for kvarande i kvarandre sine liv. Gjennom felles historie, avhengighet og gjensidige forpliktingar. Derfor kan konsekvensane vera meir alvorlige enn ved annan type vald.

I regjeringa sin handlingsplan mot Vold i nære relasjonar” Vendepunkt” vert det framheva at kommunale handlingsplanar er ein viktig reiskap for å sikra at både valdsutsette og utøvar av vald får eit tilrettelagt og heilskapleg hjelpetilbod. Kunnskap og kompetanse om vald i nære relasjonar er derfor en viktig føresetnad når det gjeld å setta i verk gode tiltak, avdekka valden, samt ivareta valdsutsette på ein rett måte. Kunnskap og kompetanse er avgjerande for god kvalitet i tenestene.

Planarbeid

Formålet med planen er å etablera handlingskompetanse til å kunna førebygga, avdekka og avverja vald i nære relasjonar mot personar i alle aldrar.

Alle barn har rett til å veksa opp utan vald og overgrep. **Beskyttelse mot misbruk:** «*Staten skal beskytte barnet mot fysisk eller psykisk mishandling, forsømmelse eller utnyttelse fra foreldre og andre omsorgspersoner*». FNs barnekonvensjon, artikkel 19

§3-3 a. i helse- og omsorgstjenesteloven: «**Kommunens ansvar for å forebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep**»:

Kommunen skal ha særlig oppmerksomhet rettet mot at pasienter og brukere kan være utsatt for, eller kan stå i fare for å bli utsatt for, vald eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstjenesten blir i stand til å forebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep.»

For at tilsette skal settast i best mogleg stand til å førebygga, avdekka og avverja vald og seksuelle overgrep, er det viktig at alle nivå innanfor tenesta er beviste på ansvaret sitt. Spesielt viktig er det at leiarnivået innanfor tenestene ivaretek ansvaret sitt, og planlegg, gjennomfører, evaluerer og korrigerer tenesta ut i frå dette.

Dette inneber blant anna å leggja til rette for:

- grunnleggande kunnskap om innhaldet i gjeldande regelverk
- gode rutinar for korleis opplysningar skal gjevast, samt god forankring av rutine blant dei tilsette

- gode rutinar for korleis tilsette kan søka råd og rettleiing for å avgjera om det ligg føre ein rett eller plikt til å gje opplysningar vidare
- etablering av ein oversikt over alle meldingar som vert sende til helse- og omsorgstenesta, barnevernet og naudetatar.

Auka kompetanse og merksemd om tematikken kan bidra til at dei som møter risikoutsette grupper, tidlegare kan oppdage teikn på vald og overgrep. Dermed kan det settast inn nødvendige tiltak for å bedra livssituasjonen til dei som vert utsette. Det me ikkje trur eksisterer, ser me heller ikkje etter.

Målgruppa

Målgruppa for planen er alle som oppheld seg i Time kommune. Me har valt å dela målgruppa inn i to – primær målgruppe og sekundær målgruppe.

- Primær målgruppe er alle avdelingar i kommunen som møter barn, unge, vaksne og eldre. Tiltaka skal gjera dei kompetente og trygge i å førebygga, avdekka og avverja vald, samt gje adekvat hjelp til dei som treng det – gjerne i samarbeid med relevante samarbeidspartar.
- Sekundær målgruppe vil vera dei som er valdsutsette og som vil trenga hjelpa vår.

Avgrensingar

Denne planen bygger på nasjonale føringar, noko som igjen får føringar for det lokale arbeidet. Omgrepet «vald i nære relasjonar» rommar eit stort felt, og me gjer nokre relevante avgrensingar.

- Planen inneheld ikkje tiltak i forhold til kjønnslemlesting og tvangsekteskap, då det er anbefalt at det vert utarbeidd egne planar på dette området.

Time kommune har vedtatt Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for barn og unge. Dette inneber at planen vil vera delt i fire hovuddelar.

1. Felles del med definisjonar og risiko
2. Del 2 er spesielt for barn og unge
3. Del 3 er for vaksne personar over 18 år som dei tilsette i kommunen kjem i kontakt med og som gjerne vert definerte som særleg sårbare grupper, som eksempel eldre personar, personar med funksjonsnedsetting, med psykisk utviklingshemming og med psykiske og/eller rus utfordringar.
4. Del 4 gjev ein oversikt over kva ein gjer når ein er bekymra og ein oversikt over ulike nettsider og kontakttelefonar ein kan ringa for å få meir informasjon, tips og råd.

Del 1: Definisjonar og risikofaktorar

Vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar handlar om vald der valdsutøvar og valdsutsett er knytt til kvarandre ved nære familieband, står i eit avhengigheitsforhold til kvarandre eller på annan måte betyr mykje for kvarandre i kvardagen. Isdal (2000) definerer vald i nære relasjonar som ei kvar handling retta mot ein annan person, som gjennom at denne handlinga skadar, smertar, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjera noko mot sin vilje eller slutter å gjera noko han eller ho vil.

WHO definerer vald slik: «Vold og overgrep er enkeltstående eller gjentatte handlinger, eller mangle på riktig handlinger, som forårsaker skader, nød eller lidelse for en person. Vald og overgrep skjer i forhold hvor det i utgangspunktet er forventning om tillitt.»

Ulike typar vald

Fysisk vald

Fysisk vald er kvar handling som skadar eller kontrollerer eit menneske. Det kan vera slag, spark, dytting, lugging, biting, knivstikking, brennemerking, kveletak eller angrep med ulike gjenstandar. All fysisk mishandling inneheld også psykisk mishandling. Drap/forsøk på drap er ekstreme former for fysisk vald.

Psykisk vald

Psykisk vald er all bruk av ord, stemme eller handling eller mangel på handling som kontrollerer, skadar eller krenker ein annan person. Det kan vera utskjelling, direkte truslar, indirekte truslar, isolering, verta nekta val og meiningar, gjentatt sårande kritikk, ignorering, audmjukingar, utagerande sjalusi, framsetting av urette skuldingar og «forhøyr».

Seksuell vald

Seksuell vald er vald som vert utført for å krenka, audmjuka eller kontrollera eit anna menneske. Det kan for eksempel vera uønska seksuell berøring, påtvinga seksuell aktivitet, smertefull seksuell aktivitet, valdtekt, sadistiske seksuelle handlingar, påtvinga seksuell aktivitet med andre og påtvinga seksuell aktivitet mens andre ser på. Den seksuelle valden er svært psykisk nedbrytande fordi den rammar det mest private hos eit menneske.

Latent vald

Latent vald er vald som verkar i kraft av moglegheit for vald. I nære relasjonar kor det har førekome vald, kan den latente valden utvikla seg til å verta den dominerande valdsforma. Risiko for ny vald kan styra alt den valdsutsette gjer utan at det ligg føre nokon aktiv trussel. Det å ha opplevd vald gjer at ein veit at det kan skje igjen.

Materiell vald

Materiell vald går ut over ting og gjenstandar. Dette inkluderer for eksempel å knusa eller øydelegga vindauge og dører, kasta gjenstandar (på nokon), øydelegga ting andre er glade i/som betyr noko for dei, riva sund klede, kasta og rasera inventar. Særleg om vedkommande tidlegare har utøvd fysisk vald, vil den materielle valden verka skremmande og lammande.

Økonomisk vald

Def.: «Vald som kommer til uttrykk ved at partneren forhindres i å ha rådighet over sin egen økonomi» (Meld St. 15 om forebygging og bekjempelse av vald i nære relasjonar (2012-2013)). Som med andre typar vald er den økonomiske valden ein metode for å kontrollera partneren sin. Her kan det også vera tilsette som kan trua eller lokka den utsette til å gje dei pengar / overføra pengar til eigen konto.

Økonomisk avhengigheit av valdsutøvar vil også medføra større vanskar med å bryta ut av eit mishandlingsforhold. Den økonomiske valden skjer i alle samfunnslag, og kan for eksempel bestå i at den valdelige partneren:

- forbyr partneren sin å arbeida, eller saboterer partner sin jobb- og/eller karrieremoglegheit
- hindrar at partner har tilgang til eige bankkort eller felles konti
- nektar å arbeida eller bidra til familien sin økonomi, held tilbake pengar slik at familien ikkje har råd til mat, klede, faste utgifter eller aktivitetar
- stel partneren sin id, eigedom og/eller arv
- tek opp felles gjeld og øydelegg partneren sin kredittverdighet
- lar vera å skriva under på søknad om separasjon, og tek frå partner økonomiske rettar ved samlivsbrot, betalar ikkje barnebidrag, forsøker å skjula aktiva i skifteoppgeret.

Usunn kontroll

Usunn kontroll er når nokon krev kontroll over deg og livet ditt. Kontrollen kan dreia seg om tid, aktivitet, økonomi, informasjon, sosial kontakt, påkledding, åtferd og vanar. Kontrollen skjer også ofte i form av utspørjing eller «forhøyr».

Digital vald

Digital vald gjennom sosiale medium er eit aukande problem som følge av auka bruk av sosiale medium. I ein europeisk studie frå 2015, som handlar om vald i nære relasjonar blant ungdommar; svarer 38 % av jentene i Norge at dei har opplevd digital vald, mens 20 % av gutane har opplevd det same (<http://stiritup.eu/>). Digitale medium kan brukast til mobbing, truslar, utstøyting og ulike straffbare handlingar. Den største forskjellen på tradisjonell mobbing og digital mobbing er at sistnemnde kan utførast anonymt og ofte via offentlige medium.

Omsorgssvikt og forsømmelse

Mangel på rette handlingar når personen sine grunnleggande behov ikkje vert ivareteke på ein adekvat måte. Mangel på omsorg, mat, drikke, stimuli og sosial kontakt er eksempel på dette.

Teikn på vald:

Generelle teikn:

Dette er nokre generelle teikn du bør vera merksam på hos vaksne:

- hyppig bruk av legevakt og andre tenester for akutt hjelp
- den utsette oppsøker/vert tatt med til lege seint etter skader
- søker ofte helsehjelp på mange stadar (fastlege, legevakt etc.)
- kontaktar ofte lege for utskrivning av legemidlar (anten til eige bruk eller på grunn av press frå andre til å gje frå seg medikament)
- høgt eller auka bruk av alkohol, narkotika og legemidlar
- det er vanskelig for den utsette å koma seg heimanfrå
- gjentakande helseundersøkingar utan sikker diagnose
- personen sjølv eller andre tillet ikkje bruk av tolk
- avtaler vert endra eller kansellerte ofte av personen sjølv eller andre
- den som vert utsett for vald kjem sjeldan åleine til avtalane
- motseiande uttalar og stor grad av ambivalens
- personen sjølv eller andre motset seg hjelp som krev innsyn i familien eller i par relasjonen
- generell endring av åtferd
- vedkommande har utagerande åtferd, seksuelt eller på annan måte
- personen reagerer verbalt eller fysisk på berøring, synsinntrykk og lyd
- vedkommande har eit hjelpebehov, men får ikkje tilstrekkeleg omsorg og hjelp til hygiene eller har ubehandla medisinske eller mentale helseproblem
- nære omsorgspersonar eller andre familiemedlemmar har økonomiske vanskar. Dette kan vera både ein risikofaktor for å verta utsett for vald eller eit teikn på at personen kan vera utsett for økonomiske overgrep.

Psykosomatiske teikn:

Personar som har vorte utsette for vald kan ha meir langvarige kroppslege plager der ein ikkje finn ei somatisk forklaring, eller der somatiske funn ikkje står i forhold til opplevde plager.

Pasientane kjem ofte til gjentekne konsultasjonar utan at årsak vert funne.

Slike plager kan vera:

- kronisk smerte utan påvist årsak
- svimmelheit, generell trøttheit
- vedvarande mage og tarmproblem, eller smertefull blære
- kroniske underlivssmerter
- søvn- og spiseforstyrningar

Psykiske teikn

Å verta utsett for vald frå nokon ein kjenner er svært skadeleg for psykisk helse. Enkelte opplever akutte psykiske symptom, mens andre får psykiske reaksjonar i etterkant av valden.

For nokre varer dei akutte symptom og vert langvarige eller kroniske. Her vert psykiske symptom og lidingar som ofte heng saman med å verta utsett for vald oppsummerte.

Effekten av å verta utsett for traumatiske hendingar som vald, er avhengig av ulike faktorar ved personen eller den aktuelle hendinga.

Det aukar risikoen for psykiske vanskar i etterkant dersom valden var ein direkte trussel mot eige eller andre sitt liv, fysiske skadar, om handlingane var særleg nedverdige eller krenkande eller om hendingane gjekk føre seg over lang tid eller vart gjentekne.

Det påverkar også om den utsette har/har hatt psykisk sjukdom eller har personlege trekk som gjer at ein lett vert uroleg og nedstemt ved ulike utfordringar i det daglige livet. Det same gjeld dersom personen generelt opplever manglande kontroll over eige liv og evne til å meistra vanskelege situasjonar. Personar som tidligare har opplevd vald, omsorgssvikt eller overgrep, eller andre traumatiske hendingar, er meir sårbare. Personar med lite sosial støtte vil ha større utfordringar i rehabilitering.

Det er ein sterk samanheng mellom rusmiddelmissbruk og tidligare erfaringar med vald, overgrep og omsorgssvikt. Under ser ein vanlege akutte, psykiske symptom og psykiske lidingar og plager som er relaterte til å ha vorte utsette for vald.

Akutte psykiske symptom:

- redsel, panikkangst og frykt for represalier
- skam, skuld og sjølvbebreiding
- hjelpeløyse, håpløyse
- sinne
- forvirring
- «tunnelsyn» og vanskar med å tenka i forbindelse med hendinga
- oppleving av uverkelig, å kjenna seg skild frå seg sjølv og sin eigen kropp
- føla seg skild frå andre, å finna seg sjølv i ein draum eller i tåke
- personen gløymer viktige deler av hendingar
- personen trekker seg inn i seg sjølv, vanskeleg å få kontakt med, isolerer seg sosialt

Dersom den akutte stressreaksjonen ikkje forsvinn eller fortset lengre enn fire dagar etter den traumatiske hendinga, kan personen ha utvikla akutt stressyndrom (ASD). Dette kan i visse tilfelle sjåast som eit forstadium til posttraumatisk stressyndrom (PTSD).

Psykiske lidingar og plager relaterte til å ha vorte utsett for vald:

- depresjon og angst
- posttraumatisk stressyndrom (PTSD)
- redusert sjølvfølelse
- vanskelig for å knyta følelsesmessige band til andre/sosial tilbaketrekking
- risikoåtferd og handlingslamming når det gjeld å beskytta seg sjølv i nye faresituasjonar
- sjølvskading
- sjølvmordstankar og sjølvmordsforsøk
- høgt eller auka bruk av rusmidlar
- forstyrringar i konsentrasjon, hukommelse og tidsoppfatning
- fobi/vegtring for medisinske prosedyrar ved inntrenging i kroppsopting, for eksempel gynekologiske undersøkingar eller tannbehandling

Fysiske teikn

Fysiske skadar og funn kan indikera at ein person vert utsett for vald. Det er viktig å hugsa på at også psykisk vald kan gje store helsemessige konsekvensar over tid. Mange utsette er ofte hos fastlegen, men det er ikkje alltid at dei fortel om valden. Lista viser skadar og funn som kan vera teikn på vald.

- skadar i munn; blåmerke og sår på tunge, kinn-slimhinne, gane, leppeband og tannskadar
- utprega brekningstendens ved undersøking i munnen
- sårskadar
- stikkskadar
- skadar på hovudet, ansikt, hals, bryst, armar, torso og genitalier
- utslåtte tenner og kjevebrot
- fleire skadar ulike stadar på kroppen
- skadar av ulik aldrar/som er grodd i varierende grad
- brot og andre alvorlege skadar utan plausibel forklaring
- brannskadar; ver obs på brennmerke etter sigarett og avtrykk etter gjenstandar
- avrive hår
- blåmerke

Når det gjeld blåmerke, vurder mengde, størrelse og lokalisasjon. Ver spesielt obs ved merker >5 cm i diameter, fleire merke på begge sider av kroppen, merke på nakke, hals, overkropp, seteregion og andre stadar som er lite utsette for tilfeldige støyt. Fargen på blåmerka er ingen sikker indikator for når den utsette vart påført merka, spesielt for eldre personar.

Ein kan også sjå fysiske reaksjonar på opplevd fare/trussel som for eksempel hurtig puls, pustevanskar, svimmelheit, skjelvingar/frysningar, muskelspenningar eller kvalme. Bleikheit, kaldsvette og kraftløyse kan førekomma som stressreaksjon, men kan også vera teikn på alvorlege indre skadar.

Risikofaktorar:

Risikofaktorane for å vera utsett for vald kan knyttast til individuelle og relasjonelle forhold av ulike karakterar. Identifisering av risikofaktorar kan gje indikasjonar på at ein person kan vera i ein sårbar situasjon for å verta utsett for vald og overgrep. Eldre heimebuande og på institusjon som har nedsett ADL-funksjon og eldre med demens har auka risiko for å verta utsette for overgrep både frå tilsette og medbuarar.

Risikofaktorar kan derimot ikkje forklara kva som er årsaka til at vedkommande er valdsutsett. Nokre risikofaktorar, som psykiske problem eller bruk av rusmidlar, kan også vera eit symptom eller reaksjon på at ein person allereie vert utsett for vald.

Individuelle risikofaktorar

- Flest kvinner vert utsette for alvorleg vald og overgrep i nære relasjonar, men menn er også utsette.
- Unge kvinner er mest utsette, menn sin fare for å verta utsett aukar med aukande alder.
- Det kan vera ein viss samanheng mellom fare for å verta utsett og låg sosioøkonomisk status, blant anna ein samanheng mellom det å vera mottakar av økonomisk sosialhjelp

og å verta utsett for vald. Men det er også ein samanheng mellom å verta utsett for vald og opplevinga av å ha dårleg råd.

- Høgt bruk av alkohol- og andre rusmidlar.
- Å vera omsorgsgjevar for partner eller andre familiemedlemmar med nedsett kognitiv funksjon og/eller utagerande åtferd. Fysisk og psykisk utsliten eller stressa.
- Å vera avhengig av hjelp frå andre i det daglege.
- Kroniske sjukdommar eller sjølvrapportert dårleg helse.
- Psykisk sjukdom
- Funksjonsnedsetting.
- Lite sosialt nettverk.
- Å ha vorte utsett for vald og overgrep i barndommen eller seinere i livet.

Relasjonelle risikofaktorar

- åleinebuande, og spesielt separerte og skilte kvinner
- familiar som har hatt vanskelege relasjonelle forhold med lite erfaring i å yta omsorg for kvarandre
- rusbelasta familiar kan ofte utvikla samspelsproblem inkludert valdsbruk
- for grupper med funksjonsnedsettingar: å bu på institusjon, kommunalt bufelleskap eller annan tilrettelagt bustad saman med personar med mogleg utagerande åtferd (ikkje i nær relasjon etter definisjonen)
- eldre foreldre som deler hushald med vaksne barn
- eldre foreldre som har barn eller barnebarn med rusproblem

Organisatoriske faktorar

Organisatoriske faktorar har betydning og spesielt når det kjem til vald og omsorgssvikt i sjukeheimar. Låg bemanning, høg turnover, fråverande fagleg leiing og lite fokus på kultur, er ein risiko for vald og omsorgssvikt. Kultur dannar felles tru, forventningar og haldningar hos tilsette, og dette påverkar oppførselen til kvarandre og bebuarane. Aldersdiskriminerande haldningar fører til «me/dei» tankegang.

Tabellane under gjev eksempel på korleis me kan tenka rundt risikofaktorar, men det er ikkje eit vurderingsverktøy. Tabellen byggjer på ei oversikt frå på *Child Family Community Australia*, som er utvikla på bakgrunn av ein brei kunnskapsgjennomgang.

Tabell 1:

Risikofaktorer for ulike former for vold mot barn

Individuelle faktorer ved barnet	Ulike former for funksjonsnedsettelse
	Betydelige fysiske eller psykiske lidelser
	Vanskelig temperament
	Aggressiv atferd
	Oppmerksomhetsvansker
Faktorer knyttet barnets omsorgspersoner	Rusmisbruk
	Kriminalitet
	Somatiske eller psykiske heleproblemer
	Å ha blitt utsatt for overgrep eller omsorgssvikt selv
	Funksjonsnedsettelse eller psykisk utviklingshemming
	Lav selvtillit
	Tenåringsforelder (eller foreldre)
	Aleneforeldre
	Lavt utdanningsnivå
Arbeidsløshet	
Familiære og sosiale forhold	Familiekonflikt eller vold
	Stor familie
	Kraftig stress hos foreldrene
	Negativt samspill mellom foreldre og barn
	Autoritær oppdragelsesstil
	Separasjon eller skilsmisse
	Steforeldre som bor i hjemmet
	Bruk av fysisk avstraffelse i oppdragelsen
	Sosial isolasjon
	Svak sosial støtte
	Liten tilgang til hjelpetilbud
	Dårlige boforhold
	Skole med lavt ressursnivå
	Utsatt for rasisme eller diskriminering

Oversikta over beskyttende faktorer viser kor det kan vera behov for å setta inn tiltak i sårbare familiar.

Tabell 2:
**Beskyttende faktorer som reduserer risikoen
for vold og omsorgssvikt**

Individuelle faktorer ved barnet	God helse
	Godt forhold til jevnaldrende barn
	Sterke, positive vennskap
	Hobbyer og interesser
	Høy selvtillit
	Uavhengighet
	Trygg tilknytning
	Gode sosiale ferdigheter
Positiv innstilling	
Faktorer knyttet barnets omsorgspersoner	Trygg tilknytning til barnet
	Positivt forhold til barnet
	Høy utdanning
	Sunne mestringsstrategier
	Kunnskap og bevissthet om barnets utviklingsstadier
Familiære og sosiale forhold	Stabile boforhold
	Tilgang til skoler med gode ressurser
	Tilgang til helse- og sosiale tjenester
	Sosial støtte
	Foreldre er i arbeid

Kilde: Strategi for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom (2014–2017): Barndommen kommer ikke i reprise.


Del 2: Barn og unge

Visjon: Det er trygt å veksa opp i Time

Arbeid for barn og unge krev målretta, heilskapleg innsats over tid. Tidlig innsats og godt tverrfaglig samarbeid er avgjerande for å lykkas.

Tidleg innsats betyr å gripa inn så tidleg som mogleg når ein vert bekymra. Tidleg innsats kan også vera før barnet er født. Det er viktig å kjenna til risikofaktorar som aukar faren for at barn vert utsette for vald, og faktorar som kan beskytta (vedlegg 1).

Oppveksttrekanten



1. Arbeid retta mot alle barn og føresette (grønt)
2. Arbeid for barn og føresette med risiko for å utvikla vanskar (gult)
3. Arbeid for barn og føresette med behov for særlege tiltak (raudt)

Forankring

Handlingsplanen Vald i nære relasjonar er ein del av den heilskaplege satsinga på barn og unge i Time, forankra i strategiplan oppvekst 2016–2022. Målgruppa er tilsette og innbyggjarar. Time kommune deltek i den nasjonale satsinga «Sjumilssteget for en god oppvekst» som bidreg til auka fokus på FN sin barnekonvensjon, mellom anna barn sin rett til å verta beskytta mot misbruk.

Handlingsplanen mot vald skal hjelpe alle som har ansvar for barn til å ha meir MOT – SJÅ meir – HØYRA meir – HANDLA meir

Mål 1: Førebygga at barn og unge vert utsette for vald

Mål 2: Oppdaga/melda frå ved mistanke om at barn er i risiko eller vert utsette for vald

Mål 3: Gje heilskapleg oppfølging til barn/familiar som opplever eller har opplevd vald

Verknadar av vald


Det å vera vitne til vald mellom foreldre, er psykisk vald mot barn og er like skadeleg for barnet som om det vert utsett for grov vald sjølv (Mossige & Stefansen 2016). Barn får med seg meir enn me trur! Sjølv om barna ikkje ser valden, kan dei ofte merka at noko er gale. Det skaper frykt og utrygghet, og er skadeleg for barna.

Å oppleve fysisk eller psykisk vald frå eller mellom foreldra, kan få alvorlige konsekvensar for barna. Dette heng saman med at valden skjer i heimen som skal vera barnet sin viktigaste arena for trygghet og utvikling. Tilknyttinga til omsorgsgjevarane er av fundamental betydning for barnet (Thoresen & Hjemdal 2014, Braarud & Nordange 2011).


Utanom frykta og dei fysiske skadane barna kan oppleve i konkrete valdssituasjonar, kan valdsutsette barn få vedvarande helseplager. Blant anna er det påvist at vald kan få konsekvensar for barnet si nevrologiske, kognitive og emosjonelle utvikling og psykiske helse.

<https://www.rvtsvest.no/korleis-traumer-formar-barnehjernen/>

<https://www.youtube.com/watch?v=Sz5IJJ4t6c>



Normal hjerne




Hjerne ved vald

Andre negative konsekvensar av å verta utsett for vald og overgrep i barndommen kan vera tilknytingsproblem, sosial tilbaketrekking, søvnnvanskar, lærevanskar, aggresjonsproblem og angst (Braarud & Nordange 2011, Glad, Øverlien & Dyb 2010).

Å verta utsett for vald kan ha like store konsekvensar for fysisk helse som for psykisk helse. Det er for eksempel ein betydelig høgare del blant dei som har vore utsette for vald som oppgjer å ha eller har hatt sjukdommar som astma, fibromyalgi, og kronisk bronkitt (Hjemdal, Sogn & Schau 2012).

Omfang av vald



Illustrasjon: Jegvilvite.no

Nasjonalt statistikk

21 %, meir enn 1 av 5 barn, vert utsette for mindre alvorlig fysisk vald frå foreldre

I følge det siste førekomststudiet om vald og overgrep mot barn og unge har 21 % av ungdom i Norge opplevd fysisk vald frå minst ein forelder i løpet av oppveksten. For dei fleste dreier dette seg om mindre alvorleg vald, noko som inneber at dei ein eller fleire gonger har opplevd at foreldra har lugga, klypt, dytta, rista eller slått dei med flat hand. Denne forma for vald er relativt tilfeldig fordelt i befolkninga og har hatt ein nedgang dei siste åra (Mossige & Stefansen 2016).

6 % har vorte utsette for alvorlig fysisk vald frå foreldre

Alvorlig fysisk vald inneber at dei anten har vorte banka opp, sparka, slått med knyttneve, eller vorte angrepen fysisk på andre måtar. Både mor og far er utøvarar. Det har ikkje vore noko nedgang i denne forma for vald dei siste åra. Like mange gutar som jenter har vorte utsette for denne type valdsutøving. Fleire har fått merke og smerter dagen etter og nokre har hatt behov for legehjelp. Innvandrarbakgrunn frå ikkje-vestlege land, dårleg familieøkonomi og rusproblematikk hos foreldra gjev høgare risiko for å vera utsette for denne typen vald (Mossige & Stefansen 2016).

Det er estimert at 5-15 spedbarn vert alvorleg skada av såkalla Shaken Baby Syndrome kvart år i Norge, og at omlag 5 av desse døyr av slike skadar. Talla bygger på erfaringar frå norsk helsevesen og internasjonale omrekningar (Keenan et al. 2003, Rasmussen et al. 2012).

8 % har erfart vald mellom foreldra

Dette talet har halde seg stabilt dei siste åra. Det er en samheng mellom dårlege levekår og partnervald. Å vera vitne til vald mellom foreldre, er psykisk vald mot barn og like skadelig for barnet som om det vert utsett for grov vald sjølv. Mor er meir utsett for vald frå far enn omvendt (Mossige & Stefansen 2016).

Tall i Time kommune

Barneverntenesta i Time sine tall frå 2016 viser at 22 % av meldingane ein mottok handla om bekymring for vald og overgrep. Høgast del gjekk på bekymring for manglande foreldreferdigheit 24 %, vald og overgrep 22 % og rus 16 %. Nasjonal barnevernsstatistikk viser same rangering av årsakene og omtrent same prosentvise fordeling.



Tiltak

Førebygga at barn og unge vert utsette for vald

Tiltak	Ansvar
Alle einingar som jobbar med barn og unge skal ha den kompetansen som trengs for å førebygga, avdekka og melda frå om mistanke og bekymring for vald.	Leiarar i einingane
Alle einingar som jobbar med barn og unge skal ha rutinar for å gje informasjon til føresette om skadeverknadar for barn som er vitne til, eller sjølv vert utsette for vald.	Leiarar i einingane
Tilsette som tar imot flyktningar, skal gje informasjon til føresette om norsk lovverk og om skadeverknadar for barn som er vitne til, eller sjølv vert utsette for vald.	Flyktningetenesta
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar skal ligga tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.	Barn og familiesjef

Oppdaga, avverga og melda frå når barn vert utsette for vald

Tiltak	Ansvar
Tilsette skal vita kva dei skal gjera ved mistanke eller direkte kjennskap til vald (sjå side 21 og 22)	Leiarar i einingane
Alle einingar skal ha rutinar for å spørja barn om dei har vore vitne til eller sjølv vert utsette for vald	Leiarar i einingane
Alle einingar skal ha rutinar for å spørja føresette om dei har vore vitne til eller sjølv vert utsette for vald	Leiarar i einingane
Innbyggjarar og tilsette kan få råd frå konsultasjonsteamet i kommunen. Alle skal ha tilgang til informasjon om teamet og kva dei kan bidra med	Koordinator konsultasjonsteamet Leiarar i einingane
Innbyggjarar og tilsette skal finna viktige telefonnummer til hjelpeinstansar i handlingsplanen, på kommunen si nettside og i offentlege bygg i kommunen.	Barn og familiesjef
Barn og unge skal ha kjennskap til kor dei kan søka hjelp viss dei er utsette eller vitne til vald	Leiarar i einingane
Alle skular og barnehagar har eit ressursteam	Fagstab oppvekst

Ivareta og følga opp barn og familiar utsette for vald

Valden skal opphøyra og familiare skal få heilskapleg hjelp. Det er avgjerande at det vert samarbeidd godt med barn, føresette, pårørande, barnehage/skule og ulike hjelpeinstansar. Det

valdsutsette barnet sine opplevingar og behov for hjelp skal stå sentralt hos alle instansar som er involverte. Barn som opplever vald vil ofte ha behov for langsiktig oppfølging.

Tilsette sitt ansvar: Bidra til at barnet og familien får nødvendig oppfølging over tid.

Tiltak	Ansvar
Barnevernstenesta skal gje hjelp til barnet og familien.	Barnevernssjef
Barnevernstenesta skal følge opp barn og familiar samt sikra nødvendig samarbeid mellom barnet/familien og dei ulike instansane.	Barnevernssjef
Barnevernstenesta gjev informasjon om eksterne hjelpe- og behandlingstilbod.	Barnevernssjef
Politiet skal etterforska meldte saker og bruka barnehuset i forbindelse med tilrettelagt barneavhør og oppfølging av barnet.	Politiet

Barnesamtalen

“Når et barn velger å fortelle sin vanskelige historie til akkurat DEG, ta godt imot og bring den videre til noen som har ansvar for, og kan beskytte barnet mot nye overgrep”

Når eit barn fortel spontant om vald og overgrep

- Ver positivt nysgjerrig og utforsk
- Ver rolig, ta imot det barnet har å seia, utan å avbryta barnet si fortelling

Bruk **aktiv lytting** utan å stilla direkte spørsmål; gje barnet moglegheit til å utforska si eig oppleving av historia si.

- **Gjenta** det siste barnet seier i ei setning. Eksempel: «mamma er sinna...»»du er redd...»»pappa slår mamma»
- **Bruk** støtteord. Eksempel: «mm», «ja», «fortel», «fortel meir om det»
- **Ver tolmodig** og la barnet få pausar, utan at du stiller spørsmål eller avbryt barnet i si fortelling.

Viktig:

- Når barnet er ferdig med fortellinga si, bekreft det barnet har sagt, og gjer det tydeleg for barnet at alt det ho/han har sagt er viktig.
- Ikkje lov barnet at du ikkje skal seia det til nokon, sjølv ikkje om barnet ber om det.
- Forklar barnet at du må snakka med nokre andre vaksne om det barnet har fortalt, men at du skal fortelta når du gjer det, og kven du snakkar med.

EKSEMPEL:

Du fortalte tidlegare om.....

Fortell meg meir om det.....

Eg har ikkje vore der, fortell så godt du kan.....

Fortell meg det slik at eg forstår kva du meiner.....

Kva skjer vidare då?
Du har nå fortalt meg om.....

Etter samtalen

- Skriv ned alt du og barnet har sagt, så ordrett som mogleg
- Ta kontakt med leiaren din og drøft kva barnet har fortalt
- Ta kontakt med barnevernstenesta og drøft meldinga og vidare saksgang
- Avtal konkret med barnevernstenesta at de avklarar opplysningane de har fått med politiet

Skulle det vera behov for meir kartlegging av bekymring om vald/overgrep er det først og fremst barnevernstenesta, etter avtale med politiet, som gjennomfører ein planlagd barnesamtale.



«Jeg synes at folk burde spørre mer. At man ikke tar det opp selv, betyr ikke at man ikke vil prate om det. Det holder kanskje ikke å spørre én gang. Du må kanskje spørre fem ganger, men egentlig er det ingenting man heller vil enn å snakke om det. Og ikke si: du får si ifra om du vil snakke om det. For man sier ikke ifra. Jeg har aldri gjort det, selv om jeg egentlig har villet». Carro (Grände 2007)

Generelle prinsipp i samtalar

- vis interesse, vis mottaking og nøytralitet
- inviter til samtale på bakgrunn av barnet sine signal
- ver til stades, nærverande og ha tid til barnet
- ikkje press, men legg til rette for at barnet kan fortella
- hugs: det er barnet som avdekker, ikkje den vaksne

Kilde: RVTS (Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og selvmordsforebygging)

Bekymra for at barn opplever vald/har auka risiko for vald?

- **Vurder bekymringa di:**
Kva har du sett eller høyr? Kva har vedkommande sagt eller gjort? Kva er det i samspelet som har gjort deg bekymra? Kor lenge har du vore bekymra?
- **Drøft bekymringa med kollega eller leiar.**
For ytterlegare drøfting/rettleiing kan du kontakta barneverntenesta eller konsultasjonsteamet for vald og overgrepssaker i Time.
- **Ikkje informer føresette**
Ved mistanke om vald i nære relasjonar skal ikkje foreldra informerast om at melding vert sendt til barneverntenesta. Det er viktig å ivareta barnet sin tryggleik. Ved å informera foreldra om mistanken, kan me risikera å utløya ny eller alvorlegare vald, og barnet kan verta instruert til å ikkje fortelja.

Det er barneverntenesta og eventuelt politiet som vurderer når og korleis foreldre skal informerast. Melder bør ha dialog med barneverntenesta for å avklara eigen rolle/kontakt med familien framover.

- **Meld frå til barneverntenesta:**
Ring barneverntenesta og avklar om det skal sendast skriftlig bekymringsmelding eller om det er ein akutt/hastesituasjon som krev ei munnleg melding straks. Avklar med barneverntenesta korleis rolla di vert vidare.

Når er det ein akutt-/hastesituasjon?

- **Eksempel på akutte situasjonar er:**
At barn kjem med fysiske skadar og det er mistanke om at skadane er oppstått som følge av vald/alvorlege overgrep. Dersom barn fortel om vald eller overgrep. Dersom barn vert henta av rusa føresett i barnehage, skule eller liknande. Dersom barn fortel at dei er redde for å gå heim.

Det er vanskeleg å vurdere kor akutt situasjonen er eller ikkje. Barneverntenesta har både ansvar og kompetanse til å vurdere dette og rådet er derfor å ringa barneverntenesta straks i slike situasjonar.

- **Ring barneverntenesta eller politiet straks**
Barneverntenesta i Time sin vakttelefon på dagtid: 905 37 185
Barnevernvakten i Sandnes (kveld/natt/helg): 905 41 321
Politi: 02800
Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111
- Barneverntenesta undersøker, tek vare på barnet og melder eventuelt frå til politiet.

Når barn fortel om vald i nære relasjonar

- **Ta imot historia til barnet** – les meir om barnesamtalen på side 19.

Ivareta barnet på best mogleg måte.

- **Ring barneverntenesta**

Meld bekymringa og avklar med barneverntenesta kva som skjer vidare, kva skal du seia til barnet og kva di rolle vert i fortsettinga.

Når foreldre fortel om vald i familien

- **Informasjon frå foreldre:**

Tilsette får i samtale kjennskap til at det vert utøvd vald mot barn, eller at barn er vitne til vald i heimen. Foreldre svarer gjerne bekreftande på spørsmål om dei slår barna eller fortel om oppdragarmetodar som me vurderer som vald.

- **Still oppklarande spørsmål**

For å sikra at du har oppfatta beskrivingane rett.

- **Utforsk** foreldra sine grunngevningar for valden.

- **Snakk om** at vald er skadeleg for barn, at det ikkje er lov, og at du har plikt til å melda frå.

- **Inform** om at du vil drøfta saka med barneverntenesta, og gjer gjerne dette saman med foreldra.

- **Vurder** om det er behov for å sikra at barnet vert beskytta mot ytterlegare vald. Dette må drøftast med barneverntenesta.

Når foreldre fortel av dei sjølv har vore utsette for vald

- Snakk med foreldra om korleis dei opplever at dette påverkar dei som foreldre i dag eller som komande foreldre. Ha dialog rundt kva dei synes er utfordrande og kva strategiar dei brukar i kvardagen. Spør om barna har opplevd eller opplever vald.
- Avklar om det er behov for oppfølging, drøft eventuelt med andre instansar.
- Bidra til at familien får oppfølging ved behov.



Illustrasjon: Jegvilvite.no

Barneverntenesta kan aldri gjera ein god nok jobb åleine,

me er avhengige av at nokon seier frå!

Del 3: Vaksne personar over 18 år

Denne delen er avgrensa til vaksne personar over 18 år som kommunen sine tilsette kjem i kontakt med og som gjerne vert definerte som særleg sårbare grupper. Som for eksempel:

Eldre personar (over 65 år)

Vald i nære relasjonar og vald mot eldre er eit underkommunisert samfunnsproblem. Studie av førekomstar frå vestlige land indikerer at 2-4 % av befolkninga i denne gruppa vert utsette for vald og andre overgrep årleg.

Vald mot eldre kan vera fysisk, psykisk, seksuelle eller økonomiske overgrep, også omsorgssvikt. Det kan handla både om enkelthandlingar eller gjentekne handlingar som fører til både skade, naud og lidning for den som er utsett. Valden kan skje heime, hos slektningar eller på institusjon. Den som utøver vald er gjerne ein den eldre har tillit til, er knytt til og er avhengig av. Vald og overgrep mot eldre skjer i alle lag i befolkninga, og det rammer begge kjønn.

Personar med funksjonsnedsetting

Vald mot personar med funksjonsnedsetting ser ut til å vara over lenger tid enn det som er vanleg mot personar generelt. Denne gruppa kan ha avgrensa kommunikasjonsferdigheiter og avgrensa moglegheit til å flykta frå ein valdssituasjon. Sidan personar med funksjonsnedsetting er avhengig av andre, både familie eller offentlige teneste, er dei utsette for fleire risikofaktorar enn personar generelt. Denne avhengigheita inneber ein klar maktforskjell, og dermed også auka sårbarheit.

Personar med utviklingshemming

Det finnest lite kunnskap om omfanget av vald mot denne gruppa, men ein reknar med at vald mot denne gruppa er større enn i befolkninga generelt. Menneske med utviklingshemming vert i dei fleste samanhengar rekna som meir sårbare for vald og overgrep. Ein av grunnane kan vera den intellektuelle og mentale kapasiteten. Det kan også vera manglande kunnskap om grensesetting og eigen fysisk integritet. Det kan derfor vera vanskeleg for dei å forstå at det har skjedd overgrep. Valden desse personane vert utsette for, rammer ofte på den arenaen dei burde vera trygge på, og vert utøvd av menneske dei skulle ha gode relasjonar til. Denne avhengigheita gjer at det er vanskelig å melde frå kva dei er utsette for.

Personar med psykiske og/eller rus-utfordringar

Personar med psykisk lidning eller rusrelaterte utfordringar kan ha ein høgare risiko for vald enn andre. Desse gruppene har ofte store helseutfordringar, og kan vera resultat av tidligare vald og traumar, genetisk sårbarheit eller negative livshendingar.

Teikn på vald hos eldre:

Yngre og eldre vaksne kan ha same fysiske skadar, symptom, reaksjonar og indikasjonar på vald frå partnar. Den normale aldringsprosessen kan bidra til at eldre lettare får fysiske skadar av mishandlinga. I tillegg kan følgene av psykiske og økonomiske overgrep frå partnar, vaksne barn eller andre i nær relasjon, gje alvorlege konsekvensar for den eldre si helse.

Det er en klar samanheng mellom vald og redusert fysisk og psykisk helse hos eldre. Derfor bør helse- og omsorgspersonell vera merksame på dei generelle indikasjonane på vald og spesielt viss følgande forhold er til stades:

- Det er kjent at den eldre har vore utsett for vald eller overgrep tidligare i livet.
- Den eldre har lite sosialt nettverk og tendens til å isolera seg.
- Den eldre er omsorgsperson for ein partnar/ektefelle som lir av demenssjukdom eller annan kognitiv svikt som medfører uro eller aggressiv åtferd.
- Overmedisinering eller fysisk og sosial avgrensning av rettighet mot ein eldre person som lir av demenssjukdom eller annan kognitiv svikt og som har uro, svevnevanskar eller utfordrande åtferd.
- Endra åtferd hos ein eldre person utan forklarlig grunn.
- Det er kjent at vaksne barn/barnebarn misbruker rusmidlar og/eller har økonomiske problem (sjå teikn på økonomisk vald).
- Stadig fornying av reseptar på smertestillande eller andre vanedannande medikament.
- Vaksne barn flytter heim til sine eldre foreldre.
- Den eldre får sjeldan vera åleine ved besøk av heimetenesta.
- Blåflekkar, dehydrering og underernæring kan også vera teikn på vald og overgrep.

Teikn på vald hos personar med psykisk utviklingshemming:

Hos personar med ei psykisk utviklingshemming kan det vera vanskeleg å skilja mellom kva som er effekt av sjølve utviklingshemminga og kva som kan vera teikn på at personen er utsett for vald. Derfor er det viktig at du som helse- og omsorgspersonell er ekstra merksam på teikn.

Åtferdsmessige teikn på at ein person med psykisk utviklingshemming er utsett for vald kan vera:

- vegring mot å delta i aktivitetar som vedkommande elles deltek i
- redsel for bestemte stadar og personar
- vegring eller framvising av utfordrande åtferd i forbindelse med forflytting mellom ulike arenaar
- oppblussing av sjølvskadande åtferd eller utagerande åtferd retta mot andre personar eller objekt
- tap av ferdigheiter; vedkommande utfører ikkje lenger oppgåver som han/ho elles har meistra

Spesielt er det utfordrande å avdekka at personar vert utsette for vald dersom dei har nedsette språkevner. Ein bør vera spesielt merksam når åtferdsendingar kjem brått og utan at ein kjenner til vesentlige endringar i vedkommande sin livssituasjon. Dersom personen ikkje har ein kjent historikk med utfordrande åtferd, er det grunn til å vurdere

om han/ho kan vera utsett for vald eller andre overgrep.

Teikn på økonomisk vald

Som helse- og omsorgspersonell bør du vera merksam på teikn som kan indikera at ein person er utsett for økonomiske overgrep.

- personen har ikkje råderett over eigen bankkonto og/eller andre personar disponerer bankkortet
- eigendelar eller pengar vert borte, eller det førekjem mistenkeleg aktivitet på bankkontoen
- den utsette endrar eller opprettar testamente, eller skriv over eigedom, slik at nye «venner» eller slektingar vert favoriserte
- personen oppfattar seg sjølv som ei belastning for familien og/eller for hjelpeapparatet
- personen har dårlig råd utan forklarleg grunn: manglar mat, varme eller andre nødvendige ting i kvardagen, oppsøker ikkje tannlege, andre tenester eller aktiviteter som koster pengar.

Helsepersonell og teieplikta

Som helsepersonell har du ei pålagt, lovfesta teieplikt. Grunnelementet i denne er forbodet mot å gje opplysningar om pasienten din til andre. Dersom du som helsepersonell fråvik eller bryt teieplikta utan å vera innanfor dei lovlige rammene som er nemnde ovanfor, kan det medføre straffereaksjonar i form av bot eller fengsel. I nokre tilfelle må du fråvika teieplikta. I andre tilfelle har du rett, men ikkje plikt til å fråvika teieplikta. Då vil anten opplysningsplikt, meldeplikt, avvergeplikt, teierett og opplysningsrett vera gjeldande.

Opplysningsplikt

Du har opplysningsplikt viss barnevernet ber om opplysningar i ei sak der dei har mistanke om omsorgssvikt, fysisk mishandling, seksuelle overgrep med meir, jf. Helsepersonelloven § 33. Dette gjeld også spørsmål om ei gravid kvinne som helse- og velferdstenesta mistenker for å bruka alkohol eller andre rusmidlar som kan vera til skade for fosteret, jf. Helsepersonelloven § 32. Helsepersonelloven § 17 pålegg helsepersonell opplysningsplikt til Fylkesmannen hvis ein pasient fortel om seksuell utnyttelse eller overgrep begått av helsepersonell.

Meldeplikt

Her gjeld det same som under opplysningsplikt, med den forskjellen at det er DU som må ta initiativ og melda frå dersom du har mistanke om omsorgssvikt og overgrep mot barn eller potensiell skade på foster.

Avvergeplikt

«Avverge» vil seia å hindra ei eventuell framtidig straffbar handling. Du har ikkje plikt til å melda frå om straffbare handlingar som allereie er utførte. Avvergeplikta gjeld generelt der du veit med sikkerheit – eller ser det som sannsynleg – at ein person vil foreta seksuelle

overgrep, påføra nokon alvorleg skade (inkludert alvorleg psykisk mishandling) eller ta livet av eit anna menneske, jf. Straffeloven § 196.

Det finnest også ein meir spesiell form for avvergeplikt som handlar om mistanke om snarleg kjønnslemlesting av jenter og kvinner, jf. Straffeloven § 284. Ved avvergeplikt kan du straffedømmast for å la vera å varsla til politiet.

Opplysningsrett og teierett

Med opplysningsrett og teierett er meint moglegheita for å formidla eller unnlata å formidla opplysningar til andre. For eksempel vil du bruka opplysningsretten din når du har samtykke frå pasienten din til å vidareformidla noko om hans eller hennar situasjon. Men fordi dette er ein rett og ikkje ei plikt, kan du i slike tilfelle velja om du vil gje informasjonen eller ikkje. Unntaksvis kan det også gjevast opplysningar til samarbeidspartnarar utan pasienten sitt samtykke. Dette vil gjelda når faren for alvorlig helseskade vert vurdert som stor, samtidig som du er i tvil om situasjonen er alvorlig nok til å nytta reglane om avvergeplikt, jf. Helsepersonelloven § 23 nr. 4.

Tiltak

Konkrete tiltak/handlingsplan:

Heimebasterte tenester (Heimetenesta, Miljøtenesta, Psykisk helse- og rusarbeid) og Institusjon:

Tilsette i heimesjukepleia og på sjukeheimar møter mange eldre i kommunen, anten som mottakarar av heimesjukepleie eller som bebuar på sjukeheimen. Ein veit at vald mot eldre skjer, men at det er vanskelig å avdekka. Det er eit skjult tema og det er tabubelagt. Miljøtenesta og Psykisk helse- og rusarbeid har kontakt med personar som har psykisk utviklingshemming og fysisk funksjonsnedsetting både i kommunale bustadar og heimebuande. Det krevst kunnskap for å komma med gode strategiar, og det krevst mot til å kunna handla i forhold til temaet.

Frå denne delen av tenesta er det viktig med heving av kunnskapen slik at vert skapt forståing for problematikken, samt å utvikla kompetanse for avdekking og handling. Etter helsepersonellovens § 17, er tilsette lovpålagde å rapportera hendingar som vert avdekka. Viktig at leiar følger opp hendingar som vert melde og set inn tiltak for å førebygga at det ikkje skjer igjen.

Førebyggjande tiltak:

Delmål	Tiltak	Ansvar
Alle einingar skal ha den kompetansen som trengs for å førebyggja, avdekka og melda frå om mistanke og bekymring for vald.	Handlingsplanen må gjørast kjent for alle tilsette	verksemdleiarane
	Felles fagdag i kommunen <ul style="list-style-type: none">• fenomenkunnskap• avdekka vald• tverrfaglig samhandling,	verksemdleiarane

	<ul style="list-style-type: none"> • teieplikt/opplysningsplikt traumebasert omsorg kulturforståing/barneoppseding utan vald 	
	Informasjon til nytilsette	avdelingsleiar
	Nettkurs i handtering av vald og overgrep (ope kurs)	avdelingsleiar (skal registrerast som kompetanse i QM+ av den tilsette sjølv)
	Tilsette må få informasjon om kriseteamet og konsultasjonsteamet i kommunen	avdelingsleiar
	Tema må vera årlig fokusområde på fagmøte/personalmøte	avdelingsleiar
Informasjon til innbyggjarane	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar skal ligga tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.	Kommunalsjef for omsorg og samfunn
	Utarbeida informasjonsmateriell Utarbeida informasjonsmateriell om vald i nære relasjonar og kva hjelpetiltak som finnes.	
	Informasjon om ulike avlastningstilbod i kommunen	Teneste- og samordningskontoret, (heimetenesta) Hukommelsesteam, Kreftkoordinator, Psykisk helse- og rusarbeid
	Informasjon om økonomisk verje	Den tilsette som har hovudkontakt med innbyggjar
Informasjon/brosjyre til alle i forbindelse med introduksjon av heimetenester	Brosjyre med informasjon om vald mot eldre og kva hjelpetilbod som finnes.	Teneste- og samordningskontoret, (heimetenesta) Hukommelsesteam, Kreftkoordinator

Oppdaga, avverga og melda frå når innbyggjarane blir utsatt for vald:

Delmål	Tiltak	Ansvarlig
Innbyggjarar og tilsette skal få rådgjeving frå konsultasjonsteamet i kommunen	Alle skal ha tilgang til informasjon om teamet og kva dei kan bidra med	Koordinator konsultasjonsteam Avdelingsleiar
Kontaktopplysningar til hjelpeinstansar jfr. handlingsplan, må vera lett tilgjengelig for både innbyggjarar og tilsette	Oppdaterte opplysningar i handlingsplan og vera lett tilgjengelig på nettsidene	Kommunalsjef v/ rådgjevar
Tilsette skal vite kva dei skal gjera ved mistanke eller direkte kjennskap til vald eller overgrep.	Utarbeida rutine for melding om mistanke og bekymring Rutine skal leggst i QM+ og sendast ut som lest og forstått.	Fagutviklarar i samarbeid med verksemdleiarane

Del 4 Kva gjer eg ved bekymringar

Tilsette kan få rådgjeving frå konsultasjonsteamet i kommunen ved mistanke om vold eller overgrep.

Det er utarbeida eigen retningslinje for handtering av mistanke om og ved seksuelle overgrep, den ligg i QM+.

Konkret mistanke om vald skal meldast til politiet, jr. avvergeplikten (straffeloven § 196).

Kvar enkelt har eit sjølvstendig ansvar for å melde frå til barneverntenesta ved mistanke om at barn vert utsette for vald, alvorleg omsorgssvikt, lever med vald eller har vedvarande åtferdsvanskar (§ 6-4 i lov om barneverntjenester).

Nettstadar og hjelpetelefonar

Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølv mordforebygging Nasjonale nettsteder Dinutvei.no Hvorlite.no.

Vern for voksne personer med utviklingshemming for å bli utsatt for seksuelle overgrep.
https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Retningslinjer_seksuelle_overgrep_utviklingshemmede/

I trygge hender - helsesykepleiere sitt eget materiell som skal benyttes for å forebygge, avdekke og avverge vald på helsestasjonen.

Alternativ til vald (ATV)

RVTS Vest – Ressurscenter for vald og traumatisk stress og selvmordsforebygging, region vest.

Statens Barnehus

Vern mot eldre: gratis nr. 800 30 196 – her finnes også filmer og anna opplæringsmateriell.

Vold- og overgrepslinja (VO-linja) 116 006 er ei hjelpelinje for alle som opplever vald eller overgrep i nære relasjonar. VO-linja er open døgnet rundt, og det er gratis å ringa dit.

Alarmtelefon for barn og unge 116 111

Lokale tenester og ressursar

- SLT koordinator med tilhørende ressursteam
- Konsultasjonsteam for saker om vald og overgrep. Denne vert leia av barneverntenesta.
- Kriseteam
- Barneverntenesta
- Familievernkontoret
- Politi
- Legevakt
- Jæren DPS

Planar og litteratur

Forebygging og bekjempelse av vald i nære relasjonar
Stortingsmelding nr. 15, 2012-13

Et liv uten vald
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar, 2014 – 2017

Barndommen kommer ikke i reprise
Strategi for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, 2014-2017

En god barndom varer livet ut
Tiltaksplan for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, 2014 – 2017

Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet (2013 – 2016)

Ansvar for oppfølging

Iverksetting: Rådmann og kommunalsjefar har det overordna ansvaret for at handlingsplanen mot vald i nære relasjonar vert gjort kjent for tilsette. Alle leiarar og kvar enkelt tilsett har ansvar for at planen vert følgt.

Kvar eining er ansvarleg for iverksetting av tiltaka og utarbeiding av nødvendige rutinar knytt til tiltaka.

Økonomi: Tiltaka skal som hovudregel dekkast innanfor økonomisk ramme. Større utgifter tas opp med kommunalsjefane og/eller inn i økonomiplanarbeidet

